

Haugsbø

TEMA: Byggjeskikken ©115



Den eldste delen av stovelåna på Haugsbø skriv seg truleg frå 1700-talet.

Den einbølte, vegause garden HAUGSBØ ligg på austsida av Tittelsneshalvøya, ut mot Ålfjorden. Heilt frå mellomalderen har garden truleg lege under Stord presteembete, fram til 1800-talet. I 1590 er det sagt at han låg øyde, men i 1601 svara Mickel Houghsbø tiend av garden.

Haugsbø var ingen storgard, men dei hadde skog nok til å vøla husa sine, då husa brann i 1715. Det er nærliggjande å tenkja seg at det då vart bygt nye stovehus. I 1668 hadde garden «..klippet och Ringe Agger, god Vdmarch, Lidt bielcher, sperre och Vee at selge».

Det samanbygde stovehuset på Haugsbø ser ut som fleire hus med ulik møne-

høgd, bygde vegg i vegg. Til venstre ligg ei lemstove med kjøkken framfor og eit kammers for enden. Til høgre ligg ei røykstove med eit eldhus bygt attåt og ei skykkje i gavlen av eldhuset.

Det er eigenleg to hus vi har framfor oss: «nyahuset» med lem og kjøkken og pipe over tak, og «gamlahuset» med grue i eldhuset og truleg opphavelag ein røykonn i røykstova.

Det er den gamle og den nye tid vi møter her. Lemstova, som kan vera bygd tidleg på 1800-talet, har fått ny eldstad med jernonn inne i stova, medan røykstova og eldhuset fører oss rett attende til mellomalderens bustadform. Truleg kan røykstova vera bygd etter brannen i




Haugsbø i dag.

KONGEFORLISET VED LYNGHOLMEN

Tett ved skipsleia i Bømlafjorden vest i Sveio ligg LYNGHOLMEN. Dette er ein av dei stadene langs leia der skip kunne liggja og venta på god bør eller søkja ly for uver. I islandske annalar og svenske kroniker frå mellomalderen vert det fortalt at kong MAGNUS 7. EIRIKSSON, som hadde vore konge både i Noreg og Sverige, enda sine dagar her vinteren 1374. I dei islandske kjeldene står det skrive at kong Magnus og mennene hans – 25 i talet – forliste og drukna. Berre liket av kongen dreiv i land. Denne saga finn vi att i munnleg tradisjon i Sveio heilt opp til vår tid. Det vert fortalt om ein hovding eller konge som forliste ved Lyngholmen ein gong for lenge sidan. Eiter segna vart kongen hauglagd i den store gravrøysa på Lyngholmen, som vert kalla «Kongsvarde», men dette er lite truleg. Skikken med hauglegging vart det slutt på med kristendommen, og arkeologar reknar med at røysa er frå bronsealderen, om lag 3000 år gamal. Men mykje tyder på at saga om kong Magnus sin triste lagnad ved Lyngholmen har rot i ei faktisk hending.

1715, og her er vi på sporet av ein spennande tradisjon. Slik det står i dag, er huset om lag 20 meter langt. Det er neppe heilt tilfeldig at desse romma eller husa er bygde i hop innanfor eit langhusskjema. Høgst sannsynleg er dette eit framhald av byggjeskikken frå mellomalderen. □



GAMALT GULL



Gullringen frå Vikse.

Ein gullring på nær 75 gram vart funnen ved grøftgraving på VIKSE i Sveio i 1953. Ringen, som er av 22 karat gull og har eit største tverrmål på 8 cm, er laga av ei stong med spiralvridne endar. Han er av ein type som kan daterast til midten av bronsealderen, kring 1000 år f.Kr.

Gullringar frå bronsealderen er sjeldsynte i Noreg. Frå heile landet kjenner vi berre 20 stykke, og ringen frå Vikse er den einaste i Hordaland. Nokre er funne i graver, men dei fleste synest ha vore gøynde i marka, anten som skattar, eller som offer til ein guddom. Det synest også å ha vore tilfelle med ringen frå Vikse.

I Danmark er det i rikt utstyrte mannsgraver frå bronsealderen funne liknande ringar, gjerne saman med våpen. Gullet var kostbart, i bronsealderen som i dag, og det er rimeleg å tru at gullringane var statussymbol for høvdingar og stormenn.

Det norske gullet kom frå Sør-Skandinavia, men også der var det importgods. Dei næraste produksjonsstadene låg i Mellom-Europa. Dette eldste gullsmykket i Hordaland, som ein gong kan ha pryda handleden til ein høvding, hadde såleis ei lang ferd bak seg, då det hamna i jorda i Sveio for 3000 år sidan.